Bømlo kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
2. november til 8. november

Måndag 2. Kl. 18.00 - Line dance kurs - Røde kors huset
Bli med på linedance kurs i regi av Bømlo frivilligsentral. Kurset går føre seg kvar måndag fram til 30. november og er gratis.

Tysdag 3. Kl. 18.00 - Konsert med Bømlo trekkspelklubb - Ungdomsheimen
Bremnes kvinne- og familielag inviterer til konsert med trekkspelklubben. Det blir allsong, loddsal og kaffi med noko attåt. Arrangementet er gratis.

Onsdag 4. Kl. 10.00 - Aktiv til 100 - Stangervågen
Bli med Bømlo turlag på tur til Stangervågen. Tilrettelagt turveg med ilagt kaffidrøs i gapahauken ved Selsvatnet. Start og oppmøte ved parkeringsplass i Brubakken kl 10. Kontaktperson: Harald Fadnes, tlf 913 48 499

Torsdag 5. Kl. 18.00 - Forfattarbesøk - Bømlo folkebibliotek
Biblioteket inviterer til forfattarsamtale med Rune Belsvik. I samtale med Øystein Kausrud frå biblioteket vil me få høyre om Belsvik sitt forfattarskap og særskilt om boka og teaterframsyninga "Verdas mest forelska par", som Bømlo Teater set opp i november. Arrangementet er gratis, men ein må ta ut billettar på førhand, enten i biblioteket eller på nettsida til kulturhuset.

Fredag 6. Kl. 14.15 - Seniortrim 65+ - Bømlohallen
Styrke/sirkeltrening i Bømlohallen i regi av Bremnes idrettslag. Etter trening blir det tid til drøs med frukt og kaffi/te. Ein betalar medlemskontigent til idrettslaget på kr 300 pr. år og kr 75 pr. gong ein deltar på aktiviteten.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med posten

Nytt og nyttig

Vinterføre krev ekstra omtanke

Når is og snø kjem, aukar risikoen for fall og brotskadar. Eldre er særleg utsette, men enkle tiltak kan gjera kvardagen tryggare. Broddar, gode vintersko, god belysning og rydda gangvegar rundt huset kan redusera risikoen for fall.



Foto: KI-generert

Eit enkelt førebyggjande tiltak er å strø der folk ferdast. Bømlo kommune tilbyr gratis strøsand til eldre og uføre. Du kan henta strøsand ved teknisk driftsbygg i Hollundsdalen, ved Teiglandshagen, ved Joker på Finnås og i strøkassar langs kommunale vegar. Hugs å ta med eiga bøtte. Teknisk drift har ikkje kapasitet til å køyra ut strøsand på bestilling.

Familie, vener og naboar kan òg gjera mykje for å skapa ein tryggare vinter. Har du høve til å strø, måka eller hjelpa med ærend for nokon som ikkje klarar dette sjølve, kan det bety mykje. Ein telefon eller eit besøk kan også vera ei viktig handstrekk i vintermånadene.

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:
Elisabeth Holme Knutsen - rådgjevar kultur og idrett - Mobil 911 65 377
Johanne Kristiansen - rådgjevar folkehelse og frivilligheit - Mobil 453 82 642
Kontakt oss om du vil reservere deg mot å motta dette informasjonsskrivet.